



## VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I STRYN KOMMUNE.

Vedtekne av Stryn Kyrkjelege Fellestråd 17.09.97, med endring 30.06.98, 19.09.01, 22.05.02, 05.12.03, 16.10.08 og 17.12.2012.  
Godkjende av Bjørgvin Bispedømeråd 11.11.97, 28.08.98, 13.06.02, 13.01.04, 19.11.08 og 15.02.13.

Vedtektene må sjåast i samanheng med Gravferdslova m/ forskrifter.

### § 1. Gravplasstilhøyring.

Avlidne personar i kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ynskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune.

Dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit anna sokn eller i ein annan kommune mot slutten av livet.

### § 2. Fredingstid og festetid.

Fredingstid både for urner og kister er 30 år.

Ein festeperiode er 5 år.

### § 3. Feste av grav.

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellestråd for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 5 år.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellestråd. Det er høve til å søke om fornya feste for 5 år av gongen inntil grava vert 90 år frå siste gravlegging i grava.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan hentast inn, kan kyrkjeleg fellestråd avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

### § 4. Grav og gravminne.

Kyrkjegardsarbeidaren vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging og setje ned merke der gravminnet skal monterast. Inntil anna gravminne vert sett opp, set kyrkjegardsarbeidaren også opp eit merke med namnet til den avlidne.

På ny festa gravstad set ein opp gravminnet i bakkant av den grava som vert teken i bruk, og senterer det på gravstaden etter neste gravlegging. Kyrkjeleg fellestråd kan gjere vedtak om vern av gravminne.

### § 5. Plantefelt.

Framom gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt.

Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm. breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet.

Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Eventuelle dekorgjenstandar monterte på gravminnet eller i plantefeltet skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for normalt vedlikehald inntil og rundt gravminnet/plantefeltet.

Dekorgjenstandar skal vere somelege og av ein kvalitet som tåler forholda på gravplassen. Lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Eventuell innramming av plantefeltet skal flukte med terrenget omkring. Ved bruk av innramming, med større anleggsflate enn normal kantstein (planteplate) skal den leggast i drenerande masse (grus), og vere minst 5 cm tjukk.

Kyrkjeleg fellestråd har ikkje erstatningsansvar for skade på gravminne, dekorgjenstandar og innramming/plater i plantefelt med mindre det kan påvisast at årsaka til skaden er aktilause frå tilsette ved gravplassen.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

### § 6. Plantetilfang.

Plantar, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal vere heilt komposterbart.

### § 7. Stell av grav.

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava han/ho har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, skal såast til av den ansvarlege eller av kyrkjegardsarbeidaren.

Kyrkjeleg fellestråd kan inngå avtale om gravstell mot årleg betaling.

### § 8. Gravfond.

Mot innbetaling av ein bestemt sum til eit gravfond, vil kyrkjeleg fellestråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden.

Gravfondet vert forvalta av fellestrådet sin daglege leiar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ei fastsett tid. Det skal i kvart einskilt høve opprettast avtale om fond og gravstell.

Gravfondet kan ikkje opprettast slik at avtalen om gravstell varer lenger enn den fredingstida eller festetida som ligg framføre.

Dersom det oppstår slike økonomiske forhold i avtaletida at midlane ikkje rekk til, skal kyrkjevevja gje melding om dette til den som er ansvarleg, eller festaren. Det er då høve til å auke fondet slik at det rekk tida ut.

Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er brukte opp.

Dersom det er midlar att av fondet når tida er ute, kan dei brukast av kyrkjeleg fellestråd til å gjere gravplassen vakrare.

Gravfondet vert forvalta i fellesskap, men kyrkjevevja fører eigen rekneskap for kvart fond som vert revidert årleg. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av fondsmidlane.

### § 9. Bårerom.

Bårerom i/ved kyrkjene skal berre nyttast til å ta vare på avlidne fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

### §10. Næringsverksemd.

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassen skal ha løyve frå kyrkjeleg fellestråd. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.